



Saksbehandlar: rådmann Ørjan Daltveit
ArkivsakID: 14/892
Arkivkode: FA-N61, TI-&13

| Saksnummer | Utval | Møtedato |
|------------|---------------|------------|
| 005/15 | Formannskapet | 19.01.2015 |

Høring - forslag til ny postlov

Vedlegg:

Dok.nr *Tittel på vedlegg*
113766 Høringsnotat - utkast til ny postlov og postforskrift

Saka gjeld:

Samferdselsdepartementet har sendt ut høring på utkast til ny postlov og postforskrift. Høyringa er sendt ut 22. oktober 2014, med høyringsfrist 26. januar 2015.

Grunngjevinga frå departementet for høyringa er for å;

- Gjennomføra EU sitt tredje postdirektiv og med det gje full liberalisering av det norske postmarkedet
- Oppdatera regelverk som følgje av endringar
- Sikre minimumsstandard for kommersielle tilbod av digital postteneste, spesielt for tryggleik og notoritet
- Styrke rettane til brukarane
- Innarbeida relevante internasjonale forpliktingar

Departementet ber særskilt om syn på dei to framlegga om; laurdagsomdeling og sikker digital postteneste.

Faktiske opplysningar:

Postomdeling fem dagar i veka

Departementet føreslår å redusera omdelingsdagar frå seks til fem dagar kvar veke. Dette er grunngjeve i nedgang i brevmengde, der laurdagar i tillegg har lågare frekvens enn andre vekedagar. Framlegget vil spare staten for om lag 400 millionar årleg.

I samband med utlevering av avisar på laurdagar er det to framlegg til høyring;

1. Leveringsplikt for avisomdeling på laurdagar i område som ikkje har eit alternativt avisdistribusjonsnett. Dette gjeld om lag 15% av alle avisar.
2. Ingen leveringsplikt for laurdagsomdeling av avisar, vil berre skje på kommersielle vilkår.

Auka bruk og tilgang på nettavisar og digitale løysingar, samstundes med likebehandling av avisar og annan post tilseier at kravet for omdeling på laurdagar vert avvikla.

Departementet ber også spesielt om at det vert gitt høring på syn om krav om formidling av førehandsrøysting. På nasjonalt plan måtte 1700 førehandsrøyster forkastas ved

stortingsvalet i 2013 sidan dei kom for seint fram. Bortfall av omdeling på laurdag før valet meiner departementet vil medføre auka utfordringar for å få røystene fram tidsnok. Ved kommunevalet i 2011 hadde Bjerkreim kommune 187 førehandsrøyster av samla 1360 røyster (14%).

Omdeling av brev under 50 gram

Den største juridiske endringa er at Posten Norge AS si einderett til formidling av brev under 50 gram vert oppheva. I dag er det fri konkurranse for pakkar og brev over 50 gram.

Samferdselsdepartementet har utgreia konsekvensar av liberalisering i postmarkedet gjennom fleire utgreiingar. Ut frå desse rapportane vert det konkludert med at liberalisering av det norske postmarkedet er samfunnsøkonomisk lønnsamt. Det vil ikkje gje negative konsekvensar for tenestetilbodet i distrikta så lenge leveringspliktig tilbyder får finansiert den ulønsame delen som er knytt til leveringsplikten gjennom statsbudsjettet.

Sikker digital postteneste

Utkast til ny postlov og postforskrift inneholder framlegg til ei minimumsregulering av sikker digital postteneste for å legge til rette for auka bruk av elektroniske posttenester med eit høgare tryggleiksnivå enn vanleg e-post. Sikker digital postteneste skal oppfylle fastsette krav til sikkerhet. Tryggleiksnivået skal vera tilstrekkeleg for å ivareta naudsynt informasjonstryggleik for kvar einskild sending, og vil kunne variera etter krav til sendinga.

Departementet ser det ikkje som naudsynt å definere klare tekniske krav til sikker digital postteneste sidan teknologien er i stadig endring.

Når det gjeld krav til notoritet, så er dette knytt til at den sikre digitale posttenesta skal tilfredsstille tilsvarande krav som kan vera etterprøvbare og gje truverd som den alternative, papirbaserte tenesta.

Departementet ber om tilbakemeldingar på om ei slik regulering er formålstenleg no og eigna til å fremje utvikling av sikre og gode digitale posttenester.

Vurderingar:

Bjerkreim kommune har stort areal og det er spreidd busetnad. Eit godt servicetilbod med god postlevering er viktig for innbyggjarane både for å få fram post, men også papiravisar. På denne måten er Posten Norge AS ein viktig, tradisjonsrik og sentral del for servicetilbodet til våre innbyggjarar.

Ordninga i dag med lik porto for alle brev under 50 gram sikrar likskap i tilbodet i heile landet. Dersom ordninga skal kommersialisera vil det vera mest lønnsamt i sentrale, tettbygde strøk. Alternativet er då økonomiske støtteordningar for å oppretthalde tilbodet andre steder, eller prissetting etter kostnad. Dette kan distrikta måtte betala dyrt for, både i kvalitet og pris.

Postomdeling på laurdagar er hovudsakleg viktig av to årsaker. Dei som ikkje har god nok, eller klarer å nyttegjera seg, tilgang til elektroniske løysingar og omdeling av avisar. Det vil redusera tilgang til informasjon og dermed også demokratiske rettar å ikkje få avisar også om laurdagen.

Dersom departementet sitt framlegg om å redusera postlevering til fem dagar vert valt, må alternativ 1 for omdeling av avisar leggjast til grunn for å sikre distribusjon. Alternativet vil vera at dei distrikta som ofte no har utfordringar med digitale løysingar, heller ikkje får papiravisar.

Dersom departementet sitt framlegg om å redusera postlevering til fem dagar, må det gjerast spesielle grep kring førehandsrøysting. Det er kritisk for demokratisk påverknad, og legitimitet til valet, dersom delar av røystene må forkastas. I vår kommune er dette viktig

sidan nesten 14% av røystene er førehandsrøyster, desse kan sjølvsagt gje utslag på mandatfordeling.

Det er viktig for digital postteneste at det vert ei minstestandard for tryggleksnivået til tenesta. Dette kan sikre at tenestene kjem fram til rett tid, og med kvitteringar og meldingar om at tenesta når rett plass. I tillegg er dette viktig siden mykje av det elektroniske, sjølv mellom to geografisk nære plassar, gjerne kan ta lange omvegar rundt i verda først. Behovet for sikker databehandling er nyleg aktualisert gjennom avdekking av mobilspionasje ved Stortinget.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen direkte økonomiske konsekvensar for Bjerkreim kommune.

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Bjerkreim kommune vil gje denne høyringa på «Ny postregulering – høring av utkast til ny postlov og postforskrift»;

1. EU sitt tredje postdirektiv bør ikke gjennomførast.
2. Ordninga med postomdeling seks dagar i veka bør vidareførast.
3. Dersom det vert valt fem dagars postomdeling, må alternativ 1 for avisomdeling leggjast til grunn for leveringspliktig teneste.
4. Dersom det vert valt fem dagars postomdeling, må det gjerast særlege grep for å sikre førehandsrøyster ved kommunestyre-, fylkestings- og stortingsval.
5. Det bør innførast ei minimumsregulering av sikker digital postteneste.

19.01.2015 Formannskapet - Møtebehandling:

Rådmannen sitt forslag ble enstemmig vedtatt.

FSK-005/15 Vedtak:

Bjerkreim kommune vil gje denne høyringa på «Ny postregulering – høring av utkast til ny postlov og postforskrift»;

1. EU sitt tredje postdirektiv bør ikke gjennomførast.
2. Ordninga med postomdeling seks dagar i veka bør vidareførast.
3. Dersom det vert valt fem dagars postomdeling, må alternativ 1 for avisomdeling leggjast til grunn for leveringspliktig teneste.
4. Dersom det vert valt fem dagars postomdeling, må det gjerast særlege grep for å sikre førehandsrøyster ved kommunestyre-, fylkestings- og stortingsval.
5. Det bør innførast ei minimumsregulering av sikker digital postteneste.